



To menn på TI-aren er ein liten sensasjon, men Birger Myklebust og Leon Gundersen kosa seg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vertskapet ved Cafe TI-aren i Gamleskulen kan melda om aukande besøk i mars månad.

Medan det var 20 gjester den 11., var det 23. den 18. og tysdag 25. vart 30-talet passert.

Og enda gledelegare: Den siste dagen var spennvidda svært stor, både med omsyn til alder og kjønn. Det var til og med tre menn til stades på ein gong og det er truleg rekord på denne kafeen!

Denne dagen var Åshild Sjøwall, Marta Bakke og Arnhild Myklebust vertskap og dei skein om kapp med sola på grunn av det gode etterpåskebesøket.

Av Ola Matti Mathisen